



Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/13053 - 24/63864	Ingeborg Forseth - 712 80 155	06.05.2024
22/636 -	30.04.2024			
20				

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Aursnes industriområde - uttale til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn.

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld Detaljregulering Aursnes industriområde som er lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Køyretilkomst

Ved varsel om oppstart uttalte vi at krysset mellom fylkesveg 60 og Naustvegen måtte bli vurdert opp mot krava i N100 og at eventuelle behov for utbetringar måtte bli sikra gjennom rekkefølgjekrav.

Sporingsanalysen viser at to store køyretøy ikkje kan møtast i manøvreringsfasen i krysset. Med den trafikkmengda som er på staden, tett på ferjeleiet, vil dette kunne medføre utfordringar både med tanke på trafikktryggleik og framkomme på fylkesvegen, slik Statens vegvesen har vist til i sin uttale.

Det må derfor bli stilt rekkefølgjekrav om at krysset må bli utbetra i tråd med krava i N100 før det blir gitt løyve til tiltak innanfor planområdet som fører til auka trafikk i krysset. Vi fremmer **motsegn** til planen fram til eit slik rekkefølgjekrav er innarbeidd i plandokumenta.

Heimel for motsegn er:

- Veglova § 1a
- Handbok N100 jf. veglova § 13.

Byggegrense

Byggegrensa bør målsettast i plankartet og/eller i tilhøyrande føresegn.

KONKLUSJON

Vi har **motsegn** til planen fram til eit rekkefølgjekrav om at krysset må bli utbetra. Sjå merknad frå samferdsel ovanfor.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Kystverket
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref.
22/636 - 20 / ARIRIN

Vår ref.
24/00170-2

Sakshandsamar
Beatrice Frabetti

Dato
03.05.2024

Vedr. - Reguleringsplan på høyring - Detaljregulering Aursnes industriområde - Sykkylven kommune - forholdet til marine kulturminne

Me viser til e-post motteke 01.05.2024.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenn ikkje til kulturminne ved tiltaksområdet i Sykkylven kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

Beatrice Frabetti

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi:
marinarkeologi
Vestland fylkeskommune

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 04.06.2024
Vår ref.: 202222212-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/636

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for Aursnes industriområde i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 30.04.2024. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for Aursnes industriområde i Sykkylven kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av næringsarealet på Aursneset.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE ga innspel til varsel om planstart i brev datert 04.01.2023. I brevet ga vi råd om korleis problemstillingar knytt til grunnforhold og flodbølge som sekundær verknad av fjellskred kunne handterast i planarbeidet. NVE deltok også på digitalt møte med tiltakshavar og plankonsulent 21.11.2023 der tema var NVE sine innspel til planarbeidet.

Flodbølge som sekundær konsekvens av fjellskred

Delar av planområdet ligg i fareområde for flodbølge som sekundær verknad av fjellskred i Åkneset. I framlegg til plankart er fareområda regulert med omsynssone skredfare H310 med tilhøyrande føresegnar i § 7.2.

I planomtalen og ROS-analysen er det føresett at tiltaka i planområdet blir plassert i tryggleiksklasse S2, jf. byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Terrengnivået i store delar av



planområdet ligg under høgde for flodbølgje ved dimensjonerande hending. For nye tiltak er det krav om dokumentasjon på at tiltaka er konstruert for å tole påkjenningane ved ei eventuell flodbølgje.

NVE saknar ei grundigare vurdering i ROS-analyse og/eller planomtale om korleis planframlegget tek omsyn til kartlagt fare. Eksempel på vurderingar kan vere kva konsekvensar kravet om dimensjonering av bygningsmasse vil ha for planlagde tiltak, og kva konsekvensane for eksisterande bygningsmasse og eventuelt anna arealbruk innanfor planområdet vil vere. De bør også gjere greie for korleis omsyn til fare for flodbølgje blir tatt omsyn til i høve til andre naturfarar, eksempelvis stormflo og havnivåstigning.

Grunnforhold

Planframlegget opnar for at det delar av areal til industri (IND2) kan etablerast med utfylling i sjø. Vi gjer merksam på at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av lokal overbelastning i sjø, og de må ha kontroll på grunnforholda og sikre at det vert gjort geoteknisk detaljprosjektering for tiltak i strandsona. Vi oppmodar om at de innarbeider krav om dokumentasjon på tilstrekkeleg stabilitet for planlagt utfylling i sjøen.

Vi registrer at det i framlegg til føresegner § 4.1 er sett krav om ansvarsrett geoteknikk (RIG) i samsvar med våre råd.

Overvatn

Det er mykje tette flater i heile planområdet, og det er mange dreneringslinjer mot planområdet frå ovanforliggande areal. I vedlagt VAO-rammeplan er det gjort vurderingar av overflateavrenning gjennom planområdet, og foreslått å etablere tre overvassleidningar mellom bygningsmassen med tilrådd dimensjonering. I framlegg til føresegner er det sett krav om oppfølging av utfordringane i § 3.5. I planomtalen kap. 5.10 er det utfordrande å sjå kva som er konklusjonen for overvassutfordringane i planområdet, og vi rår til at plandokumenta vert gjennomgått slik at det vert gitt eintydige opplysningar om temaet.

På generelt grunnlag viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i arbeid med reguleringsplanar. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har



spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune



Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71 274 773

Vår referanse:
22/237274-6

Deres referanse:
22/636 - 20 /
ARIRIN

Vår dato:
30.05.2024

Uttale til detaljregulering Aursnes industriområde – planid 15282022003

Vi viser til høring datert 30.004.2024.

Saken gjelder

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utvikling av næringsarealet på Aursnes.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen.

Vi skal bidra til å følge opp FNs bærekraftsmål rettet mot transportsektoren gjennom oppfølgingen av NTP-målene, hvor hovedmålet er et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte delmål;

- Mer for pengene
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyllelse av Norges klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepte og hardt skadde
- Enklere reisehverdag og økt konkurranseevne for næringslivet.

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, framkommelighet, universell utforming, klima og miljøhensyn, samt at helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggerne med mål om en bærekraftig utvikling.

Vår vurdering

Vi har ved varsel om oppstart gitt innspill om forhold som ikke er i tråd med gjeldende krav i til utforming av elementer på vegnettet. Ut fra trafikknotatene som ligger vedlagt bekreftes dette.

Kryssutforming

Krysset med fv. 60 er dimensjonert for kjøremåte B. Det er i trafikknotatet beskrevet at kjøretøy som skal høyre av fv. 60 da må vente dersom et kjøretøy skal svinge ut på fv. 60. Dette gjelder da også for kjøretøy som skal venstre av fv. 60 ut fra at man må bruke begge kjørebane for å klare motsatt svingebevegelse i kurven på Naustvegen. Stopp i trafikken i kryssområdet, samt en mer stresset kjøreatferd som følge av nærheten til fergeterminalen, vil gi økt fare for påkjøring bakfra i begge retninger. Med en for kort passeringslomme, som også synes noe smalt, vil dette også kunne ha innvirkning på trafiksikkerheten.

Krysset er som nevnt bygd etter gjeldende reguleringsplan. Vi vurderer det likevel slik at de funnene som er gjort i trafikknotatet gir grunnlag for å vurdere utformingen på nytt, og at man da legger krav i N100 til grunn. Det vil være tale om mindre utbedringer som utvidet hjørneavrunding, trafikkø i sidevegen for riktig sporvalg og utvidelse av passeringslommen.

Kollektivholdeplass

Vårt innspill vedrørende kollektivholdeplassen var at den ligger ved planområdet og slik betjener området. Den er ikke universelt utformet, og det burde settes av areal til plattform og en god gangtilkomst. Det er også etablert en forbindelse til naustvegen som i all hovedsak betjener industriområdet, og burde slik stadfestes i reguleringsplanen.

Konklusjon

Krysset med fv. 60 betjener i hovedsak industriområdet og bør utbedres slik at det betjener trafikken på en tilfredsstillende måte og er så trafiksikkert som mulig. Dette kan løses innenfor gjeldende planer, og bør tas inn i rekkefølgebestemmelsene.

Busslommen med tilhørende anlegg bør også tas inn i plankartet slik at man sikrer areal til at den på sikt kan utbedres.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



SYKKYLVEN KOMMUNE

Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Fråsegn til høyring - detaljreguleringsplan for Aursnes industriområde i Sykkylven kommune

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Detaljreguleringsplan Aursnes industriområde er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn.

Føremålet med plana er å legge til rette for vidare utvikling av næringsarealet på Aursneset. Arealet er avsett til næring i kommunedelplan for Sentrum-Ikornes. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Forureining og støy

Støy

Brekke Strand har utarbeidd støyrapport i samband med planarbeidet. Det er utført berekningar av støyutbreiing frå industriområdet. Støy er berekna for 4 meter over lokal mark. Støykjelder og driftstid/varigheit går delvis fram av ein tabell i rapporten.

Rapporten konkluderer med at støynivå frå dagens drift høgst sannsynleg vil overhalde gjeldande grenseverdiar for støyfølsamt bruksføremål. Meir støyande hendingar, som til dømes tømmerbåt og drift av tømmerbåt kan føre til at grenseverdiane for bustader blir overskride. Dette vil særleg gjelde på kveld, natt eller helg der anbefalte grenseverdiar er lågare enn på kvardag. Anbefalte støygrenser blir overskride for Aursneset, som er eit statleg sikra friluftsområde.

Det er utarbeidd støykart som viser støy frå industriområdet ved Lden 50dB (drift 100% på dag og 50% på kveld) og Lden 40dB, samt støy frå båt ved tømmerkai Lden 50dB og støy frå tømmerbåt Lden 50dB.

Det er berre utarbeidd støykart for båt ved tømmerkai og tømmer-sag for anbefalte grenseverdier for dagtid. Vi saknar kart som viser berekna støysone for kveld, natt, lørdagar og hellidagar.

I kapittel 8 i støyrapporten ligg forslag til planføresegn for støy. Dette forslaget er innlemma i føresegn 3.7:

«Støy frå industriområdet til omgivnadene skal overhalda grenseverdier for støykjelde «Øvrig industri» med skjerping for impulslyd, jf. rettleiande grenseverdier i tabell 1 i T-1442/2021. Grenseverdiene gjeld all støy frå industriområdet inkludert lossing og lasting av råvarar/produkt frå båt og bil. Grenseverdiene gjeld for fritt innfallande lydnivå målt eller berekna ved fasade og skal overhaldast for alle driftsdøgn».

Av tabell to i *retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* går det fram at ein skal oppnå støynivå $L_{den} 50\text{dB}$ og $L_{evening} \leq 45\text{ dB}$ ved fasade for støyfølsamt bruksføremål. Støynivå ved natt, frå 23-07 skal vere $L_{night} \leq 45\text{dB}$ og $LAF_{max} \leq 60\text{dB}$. På lørdagar gjeld $L_{den} \leq 45\text{ dB}$ og på søndagar og hellidagar gjeld $L_{den} \leq 40\text{dB}$.

Støyrapporten har ikkje vist at ein vil oppnå dette. Av kapittel seks går det derimot fram av hovudkonklusjon to og tre at aktiviteten truleg vil gje støynivå over dei anbefalte støygrensene. Det er dermed ikkje realistisk at ein vil kunne oppfylle krava føresegna set.

Det er impulslyd frå tømmerkai og sag som er den største støyutfordringa for industriområdet, i tillegg til overskriding av anbefalt støynivå for det statleg sikra friluftsområdet Aursnes. Vi har følgjande merknader til desse tre temaa:

Tømmerkai

Av støyrapporten går det fram at det kan forekome støy frå båtar som ligg til kai på natta og at det også kan skje lasting og lossing på denne tida av døgnet. Det er derimot ikkje utarbeidd støykart som viser om anbefalte støynivå på kveld og natt blir overskride. Så lenge dette ikkje er gjort er ikkje saka tilstrekkeleg opplyst.

Støyrapporten må utgreie hyppigheita av aktivitet frå båtar på kveld og natt. Om det er svært sjeldan kan aktiviteten avgrensast i føresegnene ved at det blir sett eit realistisk maksimalt tal på dagar i året det er lov med slik aktivitet på kveld og natt.

Tømmer-sag

I støyrapporten står det at arbeid hovudsakleg skjer på dagtid. Kva som er meint med *hovudsakleg* må spesifiserast. Maksimalt tal på dagar der arbeid på kveld er tillate må sikrast i føresegnene.

Aursnes statleg sikra friluftsområde

Aktiviteten frå industriområdet fører til at anbefalte grenseverdier for friluftsområdet Aursnes blir overskride. Støyrapporten foreslår ikkje avbøtande tiltak for å redusere støytilhøva. Støyrapporten må identifisere støykjeldene for friluftsområdet, og foreslå avbøtande tiltak.

Vi fremmer **motsegn** til reguleringsplanen fordi støy ikkje er tilstrekkeleg avklart.

Utfylling i sjø

Det er planlagt å fylle igjen bukta ved sagbruket. Det går ikkje fram av planforslaget om utviding av kaianlegget medfører ytterlegare utfylling. Vi gjer merksam på at det må gjennomførast ei undersøking i tråd med rettleiar for handtering av sediment, M-350. Vi ber også om at de tek kontakt

med oss for å avklare om tiltaket er søknadspliktig etter forureiningslova for utfylling og eventuelle andre tiltak som kan kome i kontakt med sjøbotnen. Kontaktperson for dette går fram nedst i brevet.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

ROS-analysen avdekker at området ligg utsett til for både stormflod og flodbølgje som følgje av fjellskred. Kartlagde fareområde er vist med omsynssone i plankartet med tilhøyrande planføresegner. For å tilfredsstille tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) for skred og stormflod skal tiltaka i fareområda dimensjonerast for å tole påkjenningane frå flodbølgje og stormflod (inkl. havnivåstiging og bølgepåverknad). TEK17 opnar for dimensjonering av tiltak som eit akseptabelt risikoreduserande tiltak for å tilfredsstille tryggleikskrava. Når det er behov for tryggingstiltak for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare, må planen dokumentere at skildra tryggingstiltak er mogleg å gjennomføre som planlagt. I dette tilfelle må det avklarast om det er mogleg å dimensjonere tiltaka mot flodbølgje og stormflod slik planføresegnene krev for dei fareutsette tiltaka.

Konklusjon

Vi fremmer motsegn til planforslaget fordi støytilhøva ikkje er tilstrekkeleg avklart. Vi viser elles til merknadene og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
Underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Forureining: Thomas Aurdal, tlf. 71 25 84 67

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
NVE VEST
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500
Naustdalsvegen 1B
Hunderfossen

6404 MOLDE
6800 FØRDE
2625 FÅBERG

Innspel til detaljregulering Aursnes Industriområde

Stort sett heile området som no skal regulerast er allereie regulert til næring, det stillast då spørsmål til grunnlaget for reguleringsarbeidet. I samandraget til planbeskrivelsen er min eigedom omtalt som "flaskehals" for Møre Trafo. Eg er ueinig i denne framstillinga då tomte til Aursnes eigedom er ca. 35 meter brei på dette punktet pluss at dei i tillegg har fått vegrett over mine areal utan vederlag. Meiner då vi har strekt oss langt for at dette ikkje skal være eit problem. Denne vegen kan også ved behov utvidast mot nord ved relativt enkle grep. Fabrikken på hhv. Aust- og vestsida av vår eigedom produserer idag forskjellige produkt, og det er heller ikkje i framtida planlagt å bygge saman fabrikkane ifølge moglegheitstudiet.

Som følgje av dagens byggetrinn for Møre Trafo er det ikkje lenger mogleg å køyre med lastebil på sydsida av Møre vest. (se kartutsnitt under) Tidlegare har ein kome til med lastebil på Møre vest og kome seg opp igjen på kommunevegen ved å køyre rundt bygget. Denne innsnevringa er større enn innsnevringa over min eigedom, som igjen vil seie at det er mest aktuelt med truck trafikk over eigendomen, slik dei også gjer i dag. For oss framstår dette som at det ikkje kan være store utfordringar med internt transport slik det står i samandraget av planbeskrivelsen.



Aursnes Sag er eit enkeltpersonsforetak. Drifta starta for 48 år sidan.

Saga ligg i nær tilknytning til eigen skog. Forvaltning av skogen gir både tømmer og ved. Meiner dette er berekraftig, kortreist og samsvarer med FN sine klimamål.

Drift:

- Produksjon av ved til oppvarming av hus og hytter. God energiutnytting.
- Saging og høvling av material frå eigen skog og Allskog, Fjordtømmer
- Leigesaging for lokale skogeigarar
- Det einaste sagbruket lokalt som kan sage lange lengder tømmer (inntil 12 m)
- Samarbeider med andre sagbruk
- Leverer spesiallengder og dimensjoner til Riksantikvaren, kaibygging og div.
- Lagar utemøblar til lag, private og kommunen
- Leverer material til restaurering av gamle bygg

Kan gjerne presentere bedrifta. Ei synfaring vil gi eit betre bilete av drift og areal.

Aursnes Sag har fått løyve til å sette opp eit lagerbygg på 124 m² på eigedomen. Har også ønske om å utvikle eigedomen vidare på seinare tidspunkt.

Eg eig og 2 naust som blir omfatta av den nye reguleringsplanen. Nausta er i bruk. Der føreligg plan om restaurering av nausta. Dei er bygde i år 1750 - 1860 i gamal byggeskikk. Planen er å restaurere desse i gamal byggeskikk. Har snakka med Riksantikvaren om saka. Hamna framom nausta er opparbeid med molo. Flytebrygge med plass til 4 båtar er i dagleg bruk. Dersom nausta skal flyttast har eg behov for ei hamn, der båtane kan ligge trygt for ver og vind.

Det har vore få møter mellom meg og Møre Trafo og lite kommunikasjon mellom møta. I møte på kommunehuset, den 20. april 2022 vart det munnleg stadfesta frå styreleiar i Aursnes Eigedom at det ikkje vart aktuelt å ekspropriere min eigedom. I møte, 15. desember 2023 blei det lagt fram ein plan frå Møre Trafo, der sag og naust var fjerna frå kartet, og planen synleggjorde mogleg ekspropriasjon.

Eg er heilt avhengig av saga for å kunne utføre mitt arbeid og har ikkje behov for å selje denne. Men om Aursnes Eigendom treng tomtene rundt for meir lønnsam drift, burde dei i utgangspunktet komme med eit konkret tilbod for eigedomane i staden for å no legge opp til mogleg ekspropriasjon, og med dette skape splid og usikkerheit blant sine naboar. Alle planane innanfor moglegheitsstudiet er fullt mogleg innanfor dei reguleringsplanane som er i dag. Det tek ikkje mykje lengre tid med dispensasjonssøknadar om noko er utanfor planane.

Eg meiner at det foreløpig er nok areal til begge bedriftene.

Fram til no har Aursnes Eigedom mykje areal som ikkje er spesielt utnytta. Per i dag er arealet ca. 40 prosent utbygd. Dei har og ved fleire anledningar vist at dei ikkje er spesielt interessert i utviding av eigedomen. Eksempelvis i høve der naboeigedom har vore til sals.

Møre Trafo har i lang tid hatt gode resultat og stadig nye omsetningsrekordar med areala slik dei er i dag. Om hensikta med utbygginga er å skape fleire arbeidsplassar i kommunen, lurar eg også på kvifor det ikkje er naudsynt med fleire parkeringsplassar før trinn 4 i planen. Det står i dette punktet av moglegheitstudiet at parkeringa allereie i dag er fullt utnytta. Det er veldig mykje areal som skal byggast ut før dette trinnet.

Det er fleire andre måtar å utvide areal på om dei skulle ønske det. Moglegheitstudiet viser noko større utnytting, men viser ikkje noko sjøfylling utanfor dagens kai mot syd, eller utviding mot kommuneveg mot nord. Det er fullt mogleg å få til rette kommunikasjonsvegar på nord og sørsida av sagbruket med gjensidig vegrett over øvrige areal. Eksempel på dette kan være utfylling og erstatning av småbåthavn på sørsida, eller utviding av dagens kommunikasjonsveg på nordsida. Møre aust kan utvidast mot fylkesvegen innanfor dei avstandane som dagens bygg har, då med parkering på taket.

Eg har eit ønske om at representantar frå Nærings- og utviklingsutvalet gjennomfører synfaring på Aursnes Industriområde før vidare behandling av «Detaljregulering Aursnes Industriområde». Dette vil gi utvalet eit betre bilede av korleis området ser ut.

Eg ber om at gnr:1, bnr:2 blir teke ut av reguleringsplanen då dagens reguleringsplan tilfredsstiller bruken av areala. Vi har og avtale med Aursnes Eiendom om gjensidig vegrett over deira areal. Som reguleringsplanforslaget seier er ønsket å komme til einigheit med naboane og då bør ein ikkje legge til rette for mogleg ekspropriasjon. Gjennom planprosessen så langt har det vore tydeleg for oss naboane at dette planarbeidet er veldig retta mot Møre Trafo sine behov, der vi har fått lite moglegheit til innspel/diskusjon om løysningar som mogleggjer samhandling innafor planområdet. Det er mogleg å leggje eigedomen til reguleringsplanen ved eit seinare høve om dette er naudsynt.

Med helsing

Hermann Hervåg
7.6.24

Innspel til Detaljregulering Aursnes industriområde, saksnummer 22/636

For attraktive Sykkylven er det viktig å oppnå trygg ferdsel og berekraftig arkitektur i og rundt industriområda. Ikkje minst under prosessar lik som den pågåande på Aursneset.

